

Referat årsmøte i Misje bygdalag 13.3.2011

Alle i styret bortsett frå Irene Misje.

Utanom styret var det 10 personar.

Vi serverte 2 kaker i langpanner og kaffi.

1. Møteinnkalling

Godkjend

2. Årsmelding

Gjennomgang av årsmelding

3. Innkomne saker

- Frigjering av material om båtane på Misje frå Misje bygdebok til Fjell kulturminne som skal lage ei bok om alle båtane i Fjell kommune. Børge Misje har mange historier om kvar båt og dette kan vere noko ein kan ta med i boka.
Årsmøtevedtak: Einstemmig vedtatt.

- Sveinung Vethe foreslår at Misje bygdalag oppretter ei gruppe som skal arbeide for å behalde Misje skule. Dette arbeidet bør gå føre seg i tett samarbeid med FAU. Han orienterte litt om korleis det ligg an i høve til skulenedleggingsdebatten som føregår hjå politikarane. Forslaget er å leggja ned skular med færre enn 80 elevar. Politikarane vil ikkje gjere noko no før valet, men dei innstiller etter valet å leggje ned småskulane. Vi kan ikkje la det verte eit spørsmål om pris, men om vi skal ha busetnad i bygdene og bygder som lever. Skulen har ei viktig rolle i lokalsamfunnet. Den er viktig for nærmiljøet. Den er fundamentet i bygda. Skulen er einaste samlingsstad, vert brukt til familie arrangement, høgtider, bygdalag og er ein sosial samlingsarena. Den er ein aktiv og levande kulturinstitusjon. Han oppfordrar med dette Misje bygdalag til å engasjere seg aktivt i skuledebatten. Bygdalaget kan delta med den kulturelle biten.
Årsmøtevedtak: Einstemmig vedteke.

4. Rekneskap

Museet kr 59 353,93

Bygdalaget kr 38 680,78 i tillegg overskot frå Misjefest kr 2 162,20

5. Val

Ingunn Nordvik (gjenvæl 2 år), Kristof Mikanik (2 år) og Sigrid Marie Mikkelsen (2år)

6. Eventuelt

- Talet på medlemmer held seg nokolunde stabilt på 64 stk. Inntektene held seg også nokolunde stabilt. Ønskje er å bruke litt pengar slik at ein får ferdiggjort snuplass-arbeidet. Vi håper å få stønad frå kommunen i år også i tillegg til dei 7000,- kr vi har uteståande.
- Eit forslag var å auke kontingenten frå 150,- kr til 200,- kr. Årsmøtevedtak: Einstemmig vedteke.
- Eit anna forslag var å lage til eit lite skriv øvst på fakturaen frå Misje bygdalag, om kva bygdalaget driv med, kvad ei er med og støtter. Vi må også minne dei på at dei skriv namnet sitt på når dei betaler giroen. Vi må skrive namn på giroen til alle i bygda, det vert meir personleg då. Og håpet er at fleire vil betale. Vi har 115

postkassar på Misje.

- Er det mogleg å låne pengar frå museet til snuplass-prosjektet? Ein kan søke om
- midlar til museet til å dekke dei kostnadane ein har med å gravere inn båtnamn, skilt på propell og liknande.

- Misje.org er ei nettside om Misje. Den har lagt nede lenge, dvs ingen ligg inn noko nytt. Vi treng nokon som kan ta på seg denne jobben. Oppdatere den no og då... Til dømes nye bilete, prosjekt som er på gang, innkalling til møter, rekneskap, nyheiter, bilete. Kan ein gjere heimesida lettare for alle å leggje inn saker? Er det eit alternativ at ein tek kontakt med skulen for å høyre om 7 klasse kan ha dette som eit fast prosjekt?
- I 2012 er det 30 år sidan Solsviksundet bru (Misjebrua) vart opna. Dette må markerast!! Bygdalaget startar litt i det små å planleggje dette i 2011.
- Bygdalaget sender skriv til Havnedirektøren/kystverket om fartsanmodning i sundet under Solsviksundet bru. Mange båteigarar har svært høg fart i sundet. Mange er nær ved å køyra i stolpen som står midt i sundet.
- Korleis kan vi engasjere fleire i bygda til å komme på årsmøta?
- Bygdalaget skal i 2011 arbeide for å komme i gang med merking av Misje bygdalag sine eigendelar som for eksempel musikkannlegg, lerret.
- Arrangere medlemsmøter/treff -> (komiteen for liv og røre i bygda må stå opp att)